

Gode kollegar!

Siste!

God ettersommar og framleis god ferie til dykk som enno ikkje er ferdig med ferien. Her kjem nokre oppslag frå PKO aktuelt akkurat no.

Nytt Livsstyrketreningsprogram 15.september 2021 - Læring og meistring -avdeling Florø.

LMS avd Florø startar opp nytt Livsstyrketreningsprogram 15.september 2021. Tilbodet var tidligare ein del av raskare tilbaketilbodet, men er no ein del av det ordinære tilbodet til Lærings og meistringstilbodet i Helse Førde med særskilt fokus på å meistre livet og jobben. Målgruppa er pasientar med samansette plager knytta til muskel- og skjelett, stressreaksjoner, utbrenning og lettare depresjonar .

Obligatorisk informasjonsmøte 6. september kl 13-14 påmelding til informasjonsmøte innan 1. september Det er mogleg å delta digitalt på informasjonsmøte.

Sjølve kurset er planlagt med fysisk oppmøte om smittesituasjon tillater det.

Grunna korona situasjonen kan det kun være 6 deltakarar pr gruppe.

Meir info : <https://helse-forde.no/arrangementer/livsstyrketrening-meistre-livet-og-jobben-2020-09-07>

Du finn meir bakgrunnsinformasjon på den nasjonale sida

<https://www.livsstyrketrening.no/>

Norges Blindforbund avdeling Sogn og Fjordane med informasjonsprosjekt

Blindeforbundet avd Sogn og Fjordane har i desse dager lagt ut på sine nettsider informasjon om sitt informasjonsprosjekt vedrørande blinde og svaksynte. Vi trur dette kan vere aktuelt å vite noko om for allmennlegar. Vi har tross alt desse brukarane på våre lister, og difor legg vi ut denne saka på PKO sidene.

<https://www.blindeforbundet.no/fylkeslag/sogn-og-fjordane/dokumenter-informasjonsprosjekt>

Samhandlingsmøter mellom PKO og ulike medisinske avdelingar.

PKO har regelmessige samhandlingsmøter med legar, seksjonsleiarar og spesialsjukepleiarar ved dei ulike avdelingane i Helse Førde. Like før ferien hadde vi møter med seksjonane for lunge, gastro og hjerte ved Førde sentralsjukehus. Referata er lagt ved denne saka fordi vi tenker at dette vil vere interessant for legar ute som samhandler med avdelingane.

[Referat frå samhandlingsmøte med PKO, lungelegane, seksjonsleiar og spesialsjukepleiar sengepost 22.04.21.pdf](#)

[Referat frå samarbeidsmøte med PKO, gastroenterolog og seksjonsleiar medisinsk poliklinikk 29.04.21.pdf](#)

[Referat frå samhandlingsmøte med PKO, kardiologar og seksjonsleiar medisinsk poliklinikk 27.05.21.pdf](#)

PKO kalender

Fagdag 31. august 2021 Skei med psyk.spes. Tormod Stangeland

«Når sikraste behandling ikkje er beste behandling:
Dagskurs om korleis møte sjølvskading og sjølvmondsatferd»

[Program 31. august Skei Stangeland.pdf](#)

Påmelding til akuttmedisinkurs for legevaktspersonell

Helse Førde har opna for påmelding i Læringsportalen (laeringsportalen.no) for eit akuttmedisinkurs i september 2021. Det er og opna for kurspåmelding for kursa i mars og september i 2022. Det er førstemann til mølla som gjeld.

Målgruppa for kurset er legevaktspersonell inkludert leger i vakt (fastleger og andre legevaktleger) samt sjukepleiarar og andre personellgrupper i legevakta.

Kurset dekkjer og kravet til klinisk emnekurs i akuttmedisin for legar under spesialisering eller som skal fornye spesialiteten i allmenmedisin.

I samband med kursa er det også tilbod om å ta radiobrukarkurs i nødnett. Også her går kurspåmelding gjennom Læringsportalen.

[Legevaktskurs Rettleiing påmelding eksterne brukarar.pdf](#)

Helse Førde har gjort avtale med Statsforvaltaren om akuttmedisinkurs for LIS1 i same kursveker. For LIS1 går påmelding gjennom Statsforvaltaren.

[Kurs i akuttmedisin for LIS1 Helse Førde](#)

NOKLUS Solstrand-kurs hausten 2021

Tema: Endokrinologi

Kurs I:

29. - 30. oktober 2021

Kurs II:

12. - 13. november 2021

Informasjon og påmelding

Informasjon om kurspakker og påmelding, se www.noklus.no/kurskalender/

Grunnet pandemien er antall kursplasser redusert, kun enkeltrom er tilgjengelig.

Kursene søkes godkjent for emnekurs/tellende kurstimer hos Dnlf, NSF, BFI og NHSF

Påmeldingen åpner 26.05.21 kl. 10.00

Påmeldingsfrist: 15.06.21

<https://www.noklus.no/kurskalender/>

Grunnkurs B del 2: Allmennlegens roller og samarbeidspartnere

29. sep - 1. okt 2021 Quality Hotel Florø

<https://www.legeforeningen.no/kurs/2020/11/34255/#tab1>

Diverse lokal informasjon om Covid-19 på samhandlingssidene

- bl.a. referat få møter i Taktisk samhandlingsgruppe – nyttig samhandlingsinfo til allmennlegar om Covid 19 handtering i Helse Førde området.

<https://samhandling-sfj.no/status-og-informasjon-om-samhandling-rundt-covid-19/>

Les meir på

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Arkiv «Nytt frå PKO»

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/praksiskonsulentane/>

Med helsing

Jan Ove Tryti, Anita Sørheim, Normund Svoen

Praksiskonsulentar

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

www.helse-forde.no

